

Årsmelding 2020/2021 - Gloppen ungdomsråd (GUR)



Medlemmar dette skuleåret:

Namn:	Representerer:	
Julia Jordanger Loen	Firda VGS	Leiar til januar 2021
Matilde Aa-Berge	Firda VGS	Leiar frå januar 2021
Anyu Wu Min Heggdal Hilde	Firda VGS	
Mina Vereide Heggdal	Gloppen ungdomsskule	
Klementina Lukosuinaite	Gloppen ungdomsskule	Fekk fritak
Wiktorija Bujnicka	Gloppen ungdomsskule	Valgt til vara, men vart fast
Viktorija Råd	Gloppen ungdomsskule	
Sunniva Sæter	Hyen skule	
Leiv Ottar Bakketun	Hyen skule	
Nicolai Sandnes	4H-klubbane	Nestleiar frå januar 2021
Vara:		
Sunniva Befring	Firda VGS	
Karine Aandstad Ommedal	Hyen skule	
Lars Olav Røyrvik	Hyen skule	

Møte i ungdomsrådet

Rådet har dette skuleåret hatt sju møter, tre i haustsemesteret og fire i vårsemesteret. Alle møta er gjennomført fysisk, med smitterverntiltak. Seks av møta har vore om lag på same tid som møta i dei andre to råda, det siste i juni. Møta er rett etter skulen på fredager, og det har vore godt oppmøte. Ungdomsrådet vedtok i 2021 å utvide møtetida, slik at møta no varer frå kl. 14.45 til 17.00. Åslaug Haugset frå plan og utgreiing er sekretær for ungdomsrådet.

Ungdomsrådet har i skuleåret 2020/2021 uttalt seg, eller gjort vedtak i desse sakene:

- Innsparing og effektiviseringstiltak i Gloppen kommune frå 2020-2024
- Årsbudsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024
- Prosjekt ungdomsengasjement
- Ungdata 2021 – val av spørsmål og gjennomgang av resultat
- Val av leiar og nestleiar
- Møteplass for ungdom
- Oppvekstmeldinga 2020
- Tildeling av kulturmidlar til barne- og ungdomsorganisasjonar
- Friområde på Byrkjelo – framlegg til detaljplan
- Kutt i grunnskulebudsjettet
- «Midt i trynet» - rusførebygging i skulen»
- Nytt reglement for ungdomsrådet

Ungdomsrådet har i tillegg fått orientering om desse sakene:

- Bacheloroppgåve om inkludering i fritidstilbod og prosjekt knytt til dette
- Resultat frå spørjeundersøking om idrettsplassen på Sandane
- Liste over idretts- og nærmiljøanlegg som skal søkje om spelemidlar
- Kva innebar budsjettvedtaket?

- Fylkesting for ungdom i Vestland
- Sommarskule
- Meistringstreff for ungdom

Ungdomsrådet har uttalt seg på eige initiativ om:

- Psykisk helse i skulen
- Sjøppelkassar og kildesortering ved skulane
- Lys på vegen til Fjellbygda
- Garderobe/høve til å skifte ved gjestebrygga
- Politisk arena for ungdom
- Opplæring for lærarar om inkluderande språk og kjønn

Opplæring:

Ungdomsrådet har fått orientering om rolla si, men ikkje ei skikkelig opplæring. Eit fast opplegg for opplæring er noko av det prosjekt ungdomsengasjement skal få på plass.

Deltaking på fylkesting for ungdom

Leiar og nestleiar var delegat på fylkesting for ungdom. Dette vart gjennomført digitalt.